

**Avtala om Det europeiske  
økonomiske samarbeidsområdet**

**EØS-komiteen**

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**

**nr. 86/2000  
av 27. oktober 2000**

**om endring av vedlegg VI til EØS-avtala (Trygd)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, justert ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg VI til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 65/2000 av 2. august 2000(<sup>1</sup>).
- 2) Avgjerd nr. 174 av 20. april 1999 om tolking av artikkel 22a i forordning (EØF) nr. 1408/71(<sup>2</sup>), vedteken av Den administrative kommisjonen til Dei europeiske fellesskapa for trygd for vandrearbeidarar, skal takast inn i avtala.
- 3) Avgjerd nr. 175 av 23. juni 1999 om tolking av omgrepene ”naturalytingar” ved sjukdom eller svangerskap og fødsel som er nemnt i artikkel 19 nr. 1 og 2, artikkel 22, artikkel 22a, artikkel 22b, artikkel 25 nr. 1, 3 og 4, artikkel 26, artikkel 28 nr. 1, artikkel 28a, artikkel 29, artikkel 31, artikkel 34a og artikkel 34b i rådsforordning (EØF) nr. 1408/71, og om utrekning av refusjonar i medhald av artikkel 93, 94 og 95 i forordning (EØF) nr. 574/72 og betaling av forskot i medhald av artikkel 102 nr. 4 i den same forordninga(<sup>3</sup>), vedteken av Den administrative kommisjonen til Dei europeiske fellesskapa for trygd for vandrearbeidarar, skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

---

(<sup>1</sup>) TEF L 250 av 5.10.2000, s. 46, og EØS-tillegget til TEF nr. 44 av 5.10.2000, s. 1.

(<sup>2</sup>) TEF L 47 av 19.2.2000, s. 30.

(<sup>3</sup>) TEF L 47 av 19.2.2000, s. 32.

### *Artikkel 1*

I vedlegg VI etter nr. 3.52 (avgjerd nr. 173) i avtala skal nytt nr. 3.53 og 3.54 lyde:

- “3.53 **32000 D 0141**: Avgjerd nr. 174 av 20. april 1999 om tolking av artikkelen 22a i forordning (EØF) nr. 1408/71 (TEF L 47 av 19.2.2000, s. 30).
- 3.54 **32000 D 0142**: Avgjerd nr. 175 av 23. juni 1999 om tolking av omgrepene ”naturalytingar” ved sjukdom eller svangerskap og fødsel som er nemnt i artikkelen 19 nr. 1 og 2, artikkelen 22, artikkelen 22a, artikkelen 22b, artikkelen 25 nr. 1, 3 og 4, artikkelen 26, artikkelen 28 nr. 1, artikkelen 28a, artikkelen 29, artikkelen 31, artikkelen 34a og artikkelen 34b i rådsforordning (EØF) nr. 1408/71, og om utrekning av refusjonar i medhald av artikkelen 93, 94 og 95 i forordning (EØF) nr. 574/72 og betaling av forskot i medhald av artikkelen 102 nr. 4 i den same forordninga (TEF L 47 av 19.2.2000, s. 32).”

### *Artikkel 2*

Teksta til avgjerd nr. 174 og 175 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

### *Artikkel 3*

Denne avgjerdet tek til å gjelde 28. oktober 2000, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkelen 103 nr. 1 i avtala<sup>(\*)</sup>.

### *Artikkel 4*

Denne avgjerdet skal kunngjera i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utferda i Brussel, 27. oktober 2000.

For EØS-komiteen  
Formann

G.S. Gunnarsson

Sekretærar for EØS-komiteen

---

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

P.K. Mannes

E. Gerner